

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 16.05.19
SAKSHANDSAMAR: Olav Klausen
SAKA GJELD: **Rapport frå verksemda**

STYRESAK: 23/19

STYREMØTE: 23.05.19
1 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Rapport frå verksemda, april 2019

Innhald

1	Administrerende direktør si oppsummering.....	3
2	Økonomi	4
2.1	Økonomisk resultat.....	4
2.2	Investeringar.....	4
2.3	Likviditet.....	6
3	Aktivitet og kvalitet.....	7
3.1	Aktivitet.....	7
3.2	Kvalitet	8
3.2.1	Ventetid	8
3.2.2	Fristbrot	8
3.2.3	Korridorpatientar	9
3.2.4	Epikrise	10
3.2.5	Pasienttryggleik	12
4	Utskrivningsklare pasientar	13
5	Medarbeidar	15
5.1	Bemanning.....	15
5.2	Sjukefråvær	15
6	HMS.....	16

Avdeling: Alle avdelinger
 År-Mnd: 201904

Økonomi

Aktivitet

HR

Venteliste

Avvik budsjett	2019-apr	Hittil i år
Salgs- og driftsinntekter	-653	1 827
Varekostnad (uten innleie)	1 035	5 199
Lønnskostnad (med innleie og bs)	-4 011	-25 762
Andre Driftskostnader	305	-3 698
Netto finans	758	2 607
Korrigerings pensjonskostnader	1 978	7 912
Resultat	-588	-11 915

Venteliste	Ventende	Behandla
Gj.snitt ventetid	49,9	56,5
Antall Fristbrudd	76	75





Månedsverk	2019-apr	Hittil i år	Hittil i fjor
Netto månedsverk	2 571,1	2520,0	2 500,9
Brutto månedsverk	2 936,0	2925,8	2 906,4

Sykefraværprosent	2019-apr	Hittil i år
Kort tid	3,3	4,1
Lang tid	2,9	3,4
Totalt sykefravær	6,2	7,5

Korridorpasienter	2019-apr	Hittil i år
Gj.snitt per dag	6,3	9,4
Antall pasienter	38	904

Aktivitet (Dynamisk)	2019-apr	Plan	Avvik %	Hittil i år	Plan Hittil	Avvik %
Sykehusopphold Døgn	2 191	2 370	↓ -8 %	9 301	9 654	↓ -4 %
Sykehusopphold Dag	752	809	↓ -7 %	3 414	3 565	↓ -4 %
Poliklinikk	17 108	18 589	↓ -8 %	74 508	76 894	↓ -3 %
<i>Avdelingsopphold Døgn</i>	<i>2 331</i>	<i>2 496</i>	<i>↓ -7 %</i>	<i>9 972</i>	<i>10 265</i>	<i>↓ -3 %</i>
<i>Avdelingsopphold Dag</i>	<i>840</i>	<i>905</i>	<i>↓ -7 %</i>	<i>3 724</i>	<i>3 977</i>	<i>↓ -6 %</i>

Langtidsventende	Ventende	Behandla
Langtidsventende (+365)	8	6
Langtidsventende (181-365)	110	29



1 Administrerende direktør si oppsummering

Økonomi

Det økonomiske resultatet for april var om lag 0,6 MNOK lågare enn budsjett. Akkumulert er resultat om lag 12 MNOK under budsjett. Administrerende direktør vil gå gjennom forslag til tiltak i styremøtet.

Aktivitet

Aktiviteten målt i talet på innleggingar, dagbehandling og poliklinikk har vore lågare enn planlagt i april.

Kvalitet

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 57 dagar (eigarkrav under 50 dagar innan 2021). Ventetida for ventande var 50 dagar.

Innan somatikken var ventetid for alle behandla pasientar 58 dagar (eigarkrav under 56 dagar), innan psykisk helsevern for vaksne 43 dagar (eigarkrav under 40 dagar), innan rusfeltet 32 dagar (eigarkrav under 30 dagar) og innan BUP-feltet 34 dagar (eigarkrav under 35 dagar).

Åtte pasientar hadde venta meir enn eitt år i føretaket.

76 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Fire av fem av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

Utskrivningsklare pasientar

I april var det 77 pasientar innan somatikk som var melde utskrivningsklare til kommunane og blei liggande i sjukehusa medan dei venta på eit tilbod for pleie- og orsorgstenester frå heimkommunen. Pasientane låg tilsaman 318 døgn, det vil seie at tilnærma 11 sjukehussenger i snitt blei nytta til pasientgruppa kvar dag i april.

Korridorpasientar

3,4 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

Medarbeidar


Sjukefråværet var 6,2 prosent i april.

2 Økonomi

2.1 Økonomisk resultat

Resultatet korrigert for auka pensjonskostnad for april syner eit overskot på 2,745 MNOK mot eit budsjettert overskot på 3,333 MNOK. Dette gjev eit negativt budsjettavvik på 0,588 MNOK.

Hittil i år er overskotet på 1,418 MNOK mot eit budsjett på 13,333 MNOK.



Negative resultatbidrag

Personalkostnadane for perioden har eit overforbruk på 2,0 MNOK. Dette kjem i hovudsak av eksternt innleige av personell med eit avvik på 1,7 MNOK.

Aktiviten i perioden har vore lågare enn planlagt og det visar igjen på ISF-inntektene som er 4,0 MNOK lågare enn budsjettert.

Positive resultatbidrag

Inntektene utanom ISF er 3,4 MNOK høgare enn budsjettert. Dette er i hovudsak tilskudd og prosjektinntekter som ikkje er budsjettert.

2.2 Investeringar

Prosjekt brannsikring Stord sjukehus blei ferdigstilt i april. Det vil bli sendt eit skriv til Stord kommune ved brannvesenet kor ein orienterar om at alle tiltaka i handlingsplanen er lukka.

Prosjekt varmesentral Odda sjukehus er planlagt ferdigstilt i mai. Gjenstående arbeid førutset ein natt temperatur over 15 grader.

Prosjekt rehabilitering rørfornyning bunnledninger Hgsd sjukehus pågår og har god framdrift. Prosjektet vil pågå gjennom heile året og omfattar S-blokk. Ein må pårekne at tilsvarande tiltak må gjennomførast i M-blokk i 2020.

Prosjekt vindu- og dørfelt G-blokk Stord sjukehus blei påbyrja i april. Planen er at ein skal teste ut valt løysing i ein leilighet. Dette for å sikre eit godt resultat for dei resterande vindu- og dørfelta.

Prosjekt Tele og datakabling Stord sjukehus. Medio mars blei det sendt førespurnad om pristilbod til rammeavtalepartner på elektro. Tilbod/estimat er mottatt og gjennomgått saman med entreprenør, og avrop på oppdraget blei føretatt primo mai.

Rehabilitering av eksisterande varmesentral Hgsd sjukehus. Ein planlegg i nær framtid å gjennomføre ein minikonkuranse for å velgje rådgjevar for prosjektering av oppdraget.

Det er sett av midlar til å oppgradere eksisterande Sentral Driftsovervåking (SD anlegg) ved Haugesund sjukehus. Planlegging av arbeidet er påbyrja og målsetjinga er at tiltaket skal ferdigstillast i løpet av året.

Føretaket inngjekk i november avtale om utskifting av ein autoklave ved Stord sjukehus og to autoklavar ved Odda sjukehus. Målsetjinga er at autoklaven ved Stord sjukehus skal være skifta ut innan juni, medan autoklavane i Odda skal være skifta ut innan medio august.

I november blei det inngått kontrakt på ny CT til Haugesund sjukehus. Ein planlegg for at mest mogleg av ombyggingsarbeid og nye tekniske installasjonar er på plass før ferien. Noko anleggsarbeid i sjølve CT rommet og bytte av maskin er planlagt utført i august.

Ny avfallkomprimator til Haugesund sjukehus er mottatt og sett i drift.

I investeringsbudsjett er det sett av midlar til bl a rehabilitering av eksisterande adgangs-kontrollanlegg ved Haugesund sjukehus. Prosjekt ByggHgsd2020 har attermeldt at entreprenøren vil levere eit annan adgangskontrollanlegg i SydVestblokka enn det ein pr i dag har i eksisterande bygningsmasse. Det er så langt ikkje avklart om dette vil få konsekvenser for den planlagte rehabiliteringen av eksisterande adgangskontrollanlegg.

Det er hittil i år gjennomført MTU-investeringar på 4,1 MNOK.


ByggHaugesund2020 har ei investering på 96,3 MNOK hittil i år.

Investeringer 2019						
Bygg	Ramme	Brukt hittil i 2018:	Prognose	Løpende prognose	Avvik ramme vs prognose	
Brannoppgradering Stord, Valen og Odda	1 700	204	1 700	kr	-	-
Reinvestering i Bygningar	5 600	76	5 600	kr	-	-
Ombyggingar MTU installasjonar	4 200	677	4 200	kr	-	-
Helse miljø og sikkerhetstiltak	400	-	400	kr	-	-
Mindre bygningsmessige ombygningar	-	-	-	kr	-	-
Bygg Totalt	11 900	957	11 900		-	-
Tekniske anlegg						
Reinvestering i tekniske anlegg	16 764	1 880	16 764	kr	-	-
Tekniske anlegg Totalt	16 764	1 880	16 764			
Medisinsk teknisk utstyr						
Investeringer påbegynt i 2018, men som avsluttes i 2019	18 534	657	18 534	kr	-	-
Enkeltkjøp under 5 mill	20 000	3 447	20 000	kr	-	-
Medisinsk teknisk utstyr Totalt	38 534	4 104	38 534		-	-
PROSJEKT BYGG 2020						
Forprosjekt Bygg2020	548 205	96 263	548 205	kr	-	-
PROSJEKT BYGG 2020 Totalt	548 205	96 263	548 205		-	-
Andre investeringer						
Ambulansar og administrative kjøretøy	7 050	675	7 050	kr	-	-
Anna utstyr	2 880	431	2 880	kr	-	-
Andre investeringer Totalt	9 930	1 106	9 930		-	-
Investeringer 2019	625 333	104 309	625 333			-

ByggHgsd2020

Beløp i heile tusen kroner	Totalt				
	ByggHgsd2020	Investert pr 2018	Investert i 2019	Investert totalt hittil	Nå-2023
Investering (i 2019 kroner)	1 976 157	238 934	96 263	335 197	1 640 960
Bruk av finansieringsgrunnlag(30% egenfinansiering)	588 457	188 934	96 263	285 197	303 260
Bruk av lån (i 2019 kroner)	1 387 700	50 000	0	50 000	1 337 700
Opptent ikkje brukt finansieringsgrunnlag				146 866	
Opptent finansieringsgrunnlag både brukt/ubrukt				432 063	156 394

2.3 Likviditet



3 Aktivitet og kvalitet

3.1 Aktivitet

Psykisk helsevern

Det var 1743 sjukehusopphald i april. Totalt var det 3116 liggjedøgn. Av disse var det 89 liggjedøgn utskrivningsklare. Beleggsprosent var på 76 %. Det har vore ein god kapasitetsutnytting ved samtlege døgnavdelingar. Klinikken har ein stor andel krisesenger, akutsenger og brukerstyrte senger. For å unngå samtidighetskonflikter må disse ha ein lavare beleggsprosent for enn ordinære døgnplasser. For å sikre ein mest mogleg effektiv utnyttelse av behandlingsressursane i døgnavdelingane vert det arbeidd med å utvikle dagtilbud ved fleire døgnavdelingar.

I poliklinikk vart det gjennomført 5731 konsultasjonar i april. Dette er under plan og heng saman med ledige stillingar samt at det ikkje var tatt høgde for redusert aktivitet i påskeveka. Andelen ambulante konsultasjonar variererte mellom dei ulike seksjonane, og høgast var HDPS med 14%. Det vert arbeidd med fleire ulike tiltak for å nå aktivitesmål i poliklinikk. I løpet av våren 2019 har ein rekruttert inn i fleire ledige stillingar i poliklinikk. Vidare vert det arbeidd med å sikre at pasientane møter til time, effektive og føreseielege pasienforløp samt effektiv utnytting av eksisterande kapasitet. Innføring av pakkeforløp og tiltak i prosjektet «Alle møter» vert fulgt opp ved alle poliklinikker.

Kirurgisk klinikk

Kirurgisk klinikk hadde 16,5% færre sjukehusopphald enn planlagt i april. Hittil i år er klinikken omtrent i mål på planlagde opphald, berre 1,3% bak. Det er særleg føde- og gynaktiviteten som også i år er lågare enn planlagt. Også dagbehandling og poliklinikkverksemda ligg bak plan. 12% på dag og 5% på poliklinikk. Påskehøgtid med lågare aktivitet har mykje av skulda for aktivitetsnedgonga. Periodieringa har ikkje vore korrekt nok.

Beleggsprosenten i Kirurgisk klinikk var i april 82 %. Det er planlagt med lågare aktivitet og bemanninga er redusert. Gynekologisk sengepost stenger i påskehellidagar og bemanningsplanane reduseres ved dei andre sengepostane heile påskeveka.

Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Belegget for klinikken som heilhet var i april 82%, medisinsk avdeling Haugesund hadde et belegg på 97%. Det blei redusert frå 75 til 71 senger i mars i medisinsk avdeling, belegg er ikkje auka signifikant etter denne reduksjonen, dette antas fortrinnsvis å være på grunn av sesongmessig reduksjon i ØH-innleggelser.

Aktiviteten er både for døgn og dag/poliklinikk 2-3 % under budsjett. På tross av dette er det oppnådd budsjettmål i DRG-poeng i april. Poliklinisk aktivitet 1 tertial ligger 2 % over budsjett, og døgnopphold 2 % under budsjett

Klinikk somatikk Stord

Det var eit gjennomsnittsbelegg på 90,8% ved dei medisinske sengepostane på Stord sjukehus i mars 2019. Då gjennomsnittleg liggetid ved desse postane har gått opp med 0,7 døgn samanlikna med i fjor, når ein likevel ikkje budsjettmål for sjukehusopphald døgn. Ved kirurgisk sengepost var beleggsprosent 65,7, og aktiviteten 22% lågare enn budsjettert. Gjennomsnittsbelegg ved klinikken var 81,6%. Aktiviteten ved poliklinikkar og sjukehusopphald dag høvesvis var 7% og 9% lågare enn budsjettert i mars.

Kvalitet

3.1.1 Ventetid

Psykisk helsevern

Innan barne og ungdomspsykiatri er ventetid behandla under det regionale målkravet på 35 dager. Ventetid behandla var for april på 34 dager, mens ventetid ventande var på 25 dager.

I voksenpsykiatrien var ventetid behandla på 43 dager, mens ventetid ventande var på 34 dager. Det regionale målkravet er på 40 dager. Det er ved Haugaland DPS ventetida er lengst, og hovedårsak er ledige stillingar som det er vanskeleg å rekruttere inn i.

Pasientar som får sitt tilbud innan TSB venter i snitt 32 dager. Ventetid ventande er og på 32 dager. Som innan voksepsykiatrien er det ved Haugaland DPS at ventetida er lengst.

For å sikre at ein i løpet av 2019 oppnår målkrav mhp ventetid, vert det arbeidd aktivt med å rekruttere i ledige stillingar. I løpet av våren 2019 har ein rekruttert inn behandlere både ved BUPane og HDPS. På sikt vil dette føre til ein reduksjon i ventetid. Utover dette vert det arbeidd med å effektivisere pasientforløp gjennom innføring av pakkeforløp samt utnytte eksisterande kapasitet gjennom tiltak i prosjekta «Alle møter» og «Vel planlagt».

Kirurgisk klinikk

Gjennomsnittleg ventetid ventande var 50,7 dagar, For behandla er gjennomsnittleg ventetid 56,6 dagar. I fjor i april var ventetida for behandla 8 dagar lengre.

Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Snitt ventetid ventande var 51,9 dagar, dette er ei auke på 4,5 dagar frå mars. For behandla var snitt ventetid 59,6 dagar, dette er en reduksjon på 1,5 dag frå mars og er den lågaste ventetida sia juni 18.

Klinikk somatikk Stord

Gjennomsnittlege ventetid ventande var 46,2 dagarog gjennomsnittleg ventetid behandla 49,5. For begge gruppene er ventetida redusert dei siste månadane

Fristbrot

Brot på frist for seinaste forsvarlege start helsehjelp, i absolutte tal og i prosent av aktuell gruppe. HELSE FONNA HF i 2019-apr. Alle fagområde, alle omsorgsnivå

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2018-apr	120	2 %	126	5 %	246	3 %	121	4 %
2018-mai	109	2 %	101	4 %	210	2 %	117	4 %
2018-jun	100	2 %	84	3 %	184	2 %	100	4 %
2018-jul	116	2 %	47	3 %	163	2 %	87	3 %
2018-aug	134	2 %	94	4 %	228	3 %	132	6 %
2018-sep	95	1 %	104	4 %	199	2 %	81	3 %
2018-okt	66	1 %	101	3 %	167	2 %	92	3 %
2018-nov	55	1 %	84	3 %	139	1 %	85	3 %
2018-des	105	2 %	71	3 %	176	2 %	125	4 %
2019-jan	82	1 %	140	5 %	222	2 %	121	4 %
2019-feb	72	1 %	75	3 %	147	2 %	79	3 %
2019-mar	65	1 %	96	3 %	161	2 %	103	4 %
2019-apr	76	1 %	75	3 %	151	2 %	111	4 %

Tal pr. 01.05.19

Psykisk helsevern

Det var ingen fristbrot i Klinikk for psykisk helsevern i april.

Kirurgisk klinikk

Det var 14 fristbrot for ventande i Kirurgisk klinikk i april og 15 fristbrot for behandla. Dei aller fleste fristbrota for ventande (11 stykker) skuldast ventetid på radiologisk eining. Det er satt igong eit arbeid for å gå gjennom desse forløpa som knytt seg til brystdiagnostisk

forløp. Ut over dette er det svært få fristbrot i klinikken. 7 av fristbrota for behandling har same årsak, medan 4 av desse fristbrota er innan urologi og skuldast ressurstilgang på urolog og operasjonsressursar. Innan urologi har det vore jobba systematisk for å redusere fristbrot. Det er særleg god tilgang på vikarar som har betra situasjonen.


Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Medisinsk klinikk hadde 41 fristbrot for ventande pasientar og 37 fristbrot for behandla. Ein ser størst utfordring ved barneseksjon, smertepoliklinikk Odda og ved gastro/nefro seksjon. Årsak er beskriven å være utfordringar med legekapasitet.

Klinikk somatikk Stord

Per 31.03.2019 det registrert 13 fristbrot ventande. 8 av desse var knytt til gastro og heng saman med utfordring kapasitet legeressurs. Dei andre fristbrota for ventande var fordelt på generell kirurgi, endokrinologi, hematologi og hjertesjukdomar. Tal fristbrot behandla i mars var 38. Årsaken til fristbrota var knytt til kapasitetsutfordring legar, hovudsakleg på grunn av ikkje planlagt fråvær.

3.1.2 Korridorpasientar



Tal pr. 01.05.19

Psykisk helsevern

Det var ingen korridor pasienter i Klinikk for psykisk helsevern i april.

Kirurgisk klinikk

Det var i gjennomsnitt 1,6 pasientar på korridor per dag i april. . Totalt 47 pasientar. Det har vore eit tomansrom stengt ved ortopedisk sengepost på grunn av lekkasje.

Det er nedgong i korridorpatientar frå mars då det var 2,0 pasientar på korridor i snitt kvar dag.


Medisinsk klinikk Haugesund/Odda

Medisinsk klinikk hadde i snitt 4,3 % pasientar på korridor i april, totalt 129 pasientar. Av desse var 107 pasientar i medisinsk avdeling Haugesund, tilsvarande 3,6 korridorpatient i snitt pr. dag. Antallet korridorpatientar følger klart overbelegg.

Klinikk somatikk Stord

Det var i gjennomsnitt 1 pasient på korridor til ei kvar tid i mars, totalt 34 pasientdøgn. Alle korridorpatientar var ved medisinske sengepostar. Dei to aktuelle sengepostane har hatt 88,5 og 96,3 prosent belegg. I tillegg til høgt belegg har det i perioden vore forholdsvis mange pasientar med behov for skjerming, og det er få enkeltrom tilgjengelege. Det var 25 liggedøgn utskrivingsklare pasientar i mars. Medisinske pasientar som det har vore forsvarleg å plasserera ved andre avdelingar har blitt flytta til kirurgisk sengepost for å unngå korridorpatientar.

3.1.3 Epikrise



Tal pr.01.05.19

I februar var talet for epikrisar sendt innan 7 dagar på 83% totalt for Helse Fonna, noko som er jamnt med førre månad. Kirurgisk klinikk ligg på ein prosentandel som på 82, noko som er litt ned frå førre månad. For Medisinsk klinikk har dei ein andel på 77%, noko som er jamnt førre månad. Klinikk for psykisk helsevern har ein andel på 93%, noko som er litt opp frå månad. Klinikk somatikk Stord sin andel låg på 84%.



3.1.4 Pasienttryggleik

Andelen pasientar i Helse Fonna som blir vurdert med tanke på risiko for fall, trykksår og ernæring (trygg pleie) er rimeleg stabil i 2018 og fram til no i 2019. Helseføretaket når ikkje målet om at ein median på 90 % skal bli risikovurderte.

Helse Fonna har stabil og god måloppnåing (median over 95%) når det gjeld registrert bruk av WHO si sjekklister for Trygg kirurgi.

Ved Haugesund sjukehus har dei fleste sengepostane tatt i bruk tiltakspakken om tidleg oppdaging av forverra tilstand. Dei har fått tverrfagleg undervising, tatt i bruk NEWS som er skåringsverktøy for observasjonar/målingar, øvd på korleis ein skal kommunisere på ein strukturert måte og korleis og når ein må tilkalle ekstra hjelp. Rutine for medisinsk intensiv team (MIT) er etablert. Dette tiltaket er tatt godt imot på sengepostane som er har tatt det i bruk.

4 Utskrivningsklare pasientar



Tal på utskrivingsklare pasientar og liggjetid fordelt på kommunar i 2019

Månad	Januar		Februar		Mars		April	
Kommune	Pasientar	Liggjetid	Pasientar	Liggjetid	Pasientar	Liggjetid	Pasientar	Liggjetid
Haugesund	27	109	29	75	10	34	33	188
Stord	11	29	9	32	3	8	7	18
Karmøy	45	184	30	144	11	29	29	86
Vindafjord	1		4	16	1	1	1	3
Bømlo			3	3	3	13	1	1
Kvinnherad	9	42	6	14	2	4	2	5
Fitjar	1	1						
Sauda	4	6	2	3	1	3		
Tysvær			2	6			1	5
Sveio	2	2	2	3	1	1	1	1
Odda			1	1	1	1		
Etne	6	22	7	20			1	4
Ullensvang					1	1		
Tysnes			1	2				
Bokn								
Suldal								
Utsira								
Jondal								
Kommune utanfor HF			1	5			1	7
SUM	106	395	97	324	34	95	77	318

Antall utskrivingsklare pasienter, liggedøgn og snitt liggjetid pr. pasient

Kommune	2017			2018		
	Liggedøgn	Antall pasienter	liggedøgn/pasient	Liggedøgn	Antall pasienter	liggedøgn/pasient
Karmøy	391	164	2,4	1254	305	4,1
Stord	355	107	3,3	422	110	3,8
Sveio	17	7	2,4	11	3	3,7
Vindafjord	134	28	4,9	105	29	3,6
Fitjar	20	8	2,5	24	7	3,4
Kvinnherad	101	45	2,2	200	58	3,4
Haugesund	525	185	2,8	465	151	3,1
Etne	5	2	2,5	13	5	2,6
Bømlo	101	45	2,2	99	42	2,4
Sauda	32	11	2,9	56	27	2,1
Odda	10	9	1,1	14	7	2
Tysnes	6	8		15	8	1,9
Tysvær	27	18	1,5	25	15	1,7
Ullensvang	2	2	1	1	1	1
Suldal	1	1	1	4	4	1
Bokn	1	1	1	0	0	0
Utsira	0	0	0	0	0	0
Jondal	0	0	0	0	0	0

I april måned var det 77 pasientar innan somatikk som var melde utskrivingsklare til kommunane og blei liggande i sjukehusa medan dei venta på eit tilbod for pleie- og orsorgstenester frå heimkommunen. Pasientane låg tilsaman 318 døgn, det vil seie at tilnærma 11 sjukehussenger i snitt blei nytta til pasientgruppa kvar dag i april.

I 2018 hadde Helse Fonna det høgaste talet på liggjedøgn for utskrivingsklare pasientare sidan samhandlingsreforma tok til å verke i 2012. Ei samanlikning av dei første fire månadene dette året med tilsvarande periode i fjor viser ei fortsatt øking i liggjedøgn, 57 fleire døgn er staus så langt i 2019.

Fem av kommunane i Helse Fonna ligg i 2018 høgare enn snittet for utskrivingsklare pasientar i Helse Vest som er 3.5 pasienter pr. 1000 innb. Kommunane Stord og Karmøy har flest utskrivingsklare målt pr. 1000 innb. henholdsvis 7,2 og 5,9 i 2018. Også Sauda, Kvinnherad og Haugesund ligg høgare enn gjennomsnittet på 3,5 i 2018.

Det ser ikkje ut til å være samanheng mellom utskrivingsklare pasientar og del eldre over 67 år hos dei kommunane som har flest utskrivingsklare pasientar i Helse Fonna regionen.

5 Medarbeidar

5.1 Bemanning

Brutto månadsverk hittil i år er 2.925. Dette er 19 fleire enn for same periode føregåande år. For april 2019 er brutto månadsverk 2.936.

Netto månadsverk hittil i år er 2.520. Dette er 20 fleire enn for same periode føregåande år. For april 2019 er netto månadsverk 2.571.

5.2 Sjukefråvær

Føretaket har eit registrert sjukefråvær på 6.2 prosent i april måned, mot 7.4 prosent i april 2018. Kortidsfråværet er 3.3 prosent og langtidsfråværet 2.9 prosent i april 2019. Korttidsfråværet er redusert med 0.1 prosent, medan langtidsfråværet er redusert med 1.1 prosent samanlikna med april 2018. I april måned var eigenmeldt fråvær 1.0 prosent og sjukemeldt fråvær 5.2 prosent. Hittil i år er sjukefråværet 7.5 prosent. Eigenmeldt fråvær 1.4 prosent og sjukemeldt fråvær 6.1 prosent. Korttidsfråværet er 4.1 prosent og langtidsfråværet 3.4 prosent

Følgjande klinikkar/områder har høgast fråvær per april 2019:

- HR området har eit sjukefråvær på 8.4 prosent (1.1 prosent eigenmeldt og 7.3 prosent sjukemeldt), mot 5.4 prosent april 2018.
- Klinikkk for psykisk helsevern har eit sjukefråvær på 7.8 prosent (1.4 prosent eigenmeldt og 6.4 prosent sjukemeldt), mot 7.2 prosent april 2018

- Klinikk somatikk Stord har eit sjukefråvær på 7.6 prosent (0.9 prosent eigenmeldt og 6.7 prosent sjukemeldt), mot 8.5 prosent april 2018

6 HMS

Uønska hendingar HMS/ansatteskadar i perioden

(Statistikk tatt ut 10.05.2019)

Uønska hendingar	April 2018	April 2019	Per April 2018	Per April 2019
Usortert (ikkje sakshandsama)	1	31	5	66
Med konsekvens	13	9	66	44
Utan konsekvens	44	28	211	123
SUM	58	68	282	233

Føretaket har ei auke i meldte hendingar frå april 2018 til april 2019. Der er ein nedgang på meldte hendingar per april 2019 samanlikna med 2018.

Vald og truslar

Vald og truslar	Per april 2017	Per april 2018	Per april 2019
Vald	14	14	13
Truslar	11	8	1
SUM	25	22	14

Det er ein nedgang i meldte saker per april 2019, samanlikna med åra før. Mest nedgang finn ein i meldte truslar.

Alvorlege saker

To saker er meld som kritisk og to som alvorlege:

- Meld som kritisk sak:
 - medarbeidar i klinikk for psykisk helsevern fekk smerter i ryggen etter ein situasjon der dei har halde ein pasient fast. Skaden er ikkje direkte påført av pasienten, men oppsto i situasjonen der ein haldt pasienten.
 - Slag i fjeset frå pasient då han blei ført tilbake til sitt eige rom.
- Meld som alvorleg skade:

- Medarbeidar fekk slag under auge og risp i finger etter at ein pasient som var lagt i reimar fekk laus den eine handa.
- Hjula på ei bære slo seg ikkje ut slik dei skulle. Det førte til at ambulansemedarbeidaren fekk rykk i nakken og i skulderregion.